

Fra: Elisabeth Bjørsvik (Elisabeth.Bjorsvik@hfk.no)
Sendt: 26.09.2017 16:49:29
Til: 'Lovlie, Frode (NO - Bergen)'
Kopi: Evy Bakke; Svein Dyrddal; Per Morten Ekerhovd

Emne: VS: Tilgang ePhorte
Vedlegg:

Hei,

Vi viser til mail i dag om lesetilgang til sak- arkivsystemet ePhorte som del av forvaltingsrevisjon Arkiv og offentlegheit, Kontrollutvalsvedtak i sak PS 82/17.

Tilgang er gitt til alt som er registrert i intern sone, og brukar er aktivert med dei behov og den perioden som kjem fram i tinginga. Vi har også ePhorte sikker sone, men den kan kun nyttast i HFK-bygget. Denne tilgangen må vi få separat frå IT, og vil kome i prosess i morgon.

På intranett, under brukarstøtte IT og fagsystem, ikon for rapportar, FAQ og meldingar, vidare under FAQ, finn ein meir informasjon om ePhorte.

Fint med tilbakemelding om at alt er ok.

Med venleg helsing

Elisabeth Bjørsvik
Konst.fylkesarkivar
Kultur og idrettsavdelinga | Fylkesarkivet
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55239950/99577239
www.hordaland.no

Fra: Lovlie, Frode (NO - Bergen) [<mailto:flovlie@deloitte.no>]
Sendt: 26. september 2017 08:36
Til: Elisabeth Bjørsvik <Elisabeth.Bjorsvik@hfk.no>
Kopi: Evy Bakke <evy.bakke@hfk.no>; Svein Dyrddal <Svein.Dyrddal@hfk.no>
Emne: RE: Tilgang ePhorte

Hei,

Då tingar revisjonen hermed formelt tilgang til sak- arkivsystemet ePhorte i Hordaland fylkeskommune.

Revisjonen treng tilgang for å gjere dei undersøkingar som kontrollutvalet har bedt oss om, jf. kontrollutvalsvedtak i sak PS 82/17.

Revisjonen treng full lesetilgang i heile sak- arkivsystemet til fylkeskommunen. Vi har ikkje behov for skrivetilgang.

Revisjonen treng tilgang snarleg, og tilgangen må vare til prosjektet er avslutta, etter planen innan 1. mars 2018.

Revisor gjer merksam på at kommuneloven § 78 gjev oss innsynsrett i alle opplysningar vi treng for å gjere våre undersøkingar, og pålegg oss teieplikt:

«6. Revisor kan hos kommunen eller fylkeskommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

7. Med mindre det følger av revisjonens oppgaver etter denne lov eller forskrift gitt i medhold av nr. 8, eller den opplysningene gjelder har samtykket til at taushetsplikten ikke skal gjelde, har revisor plikt til å bevare taushet om det de får kjennskap til i sitt oppdrag for kommunen eller fylkeskommunen.»

Revisjonen håpar at vi snarleg kan få dei naudsynte tilgangane, og ber om hurtig tilbakemelding dersom de treng ytterlegare opplysningar for å handsame tinginga.

Med helsing,

Frode Løvlie
+47 480 97 914
flovlie@deloitte.no

From: Elisabeth Bjørsvik [<mailto:Elisabeth.Bjorsvik@hfk.no>]
Sent: tirsdag 26. september 2017 07.42
To: Lovlie, Frode (NO - Bergen) <flovlie@deloitte.no>
Cc: Evy Bakke <evy.bakke@hfk.no>; Svein Dyrrdal <Svein.Dyrrdal@hfk.no>
Subject: Tilgang ePhorte

Hei,

Vi har brukt tid på å finne korleis ein går fram for å få tilgang i ePhorte. Det må ligge føre ei formell tinging med grunngjeving og omtale av kva ein faktisk skal ha tilgang til i saks- og arkivsystemet, slik at mellom anna tilgangen vert sporbar på lik linje med alle andre brukarar. Ein må og opplyse om start- og stoppdato for tilgangen/undersøkinga.

Søknaden kan sendast til Fylkesarkivet v/Dokumentsentret.

Venleg helsing

Elisabeth Bjørsvik
Konst.fylkesarkivar
Kultur og idrettsavdelinga | Fylkesarkivet
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55239950/99577239
www.hordaland.no

Disclaimer: This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.